



Radøy kommune
Austebygd skule
5939 Sletta

Til foreldre/føresette til born på 1.- 4. trinn, skuleåret 2019/2020

Info om påmelding på Skulefritidsordninga (SFO) - for skuleåret 2019/20.

Etter kommunestyretvedtak i 2007, har SFO ved Austebygd og Hordabø skular 10 mnd. SFO-opning, medan SFO på Manger og Sæbø skular har 11 mnd. opning.

Dersom nokon på Austebygd eller Hordabø vil ha SFO i 11 månader, vil dei "den 11. månaden" få SFO-tilbod på Sæbø eller Manger.

Litt info om SFO-tilbodet:

* **Opningstid:** To alternativ der ein kan velja anten 10 eller 11 månader.

Første alternativ følgjer skuleruta, og har ope 10 månader.

Andre alternativ, med 11 månader, har ope i juni, august + haust- og vinterferie. SFO vil vera stengt mellom jul og nyttår og i påskeveka, samt på skulen sine planleggingsdagar (6 dagar)

* **Betalingsordning.**

Kommunestyret har vedteke desse betalingsattsane frå 1.august 2019

Til og med 10 timar pr. veke kr. 1976,50 pr. måned (65%)

Til og med 15 timar pr. veke kr. 2553,60 pr. måned (84%)

Meir enn 15 timar pr. veke kr. 3040,00 pr. måned (100%)

Søskenmoderasjon er 30% evt. 50% frå og med tredje barn

Matpengar kjem i tillegg til desse prisane.

(På Austebygd er desse i 18/19 kr. 12,50 pr. dag eleven går på SFO. Det kan bli ei lita oppjustering her for 19/20).

Kvar skule utarbeider eigne retningsliner for sin SFO. Desse skal m.a. ha med punkt om samarbeid, utstyr og lokale, organisering og bemanning, mat og turpengar.

Vedlagt finn de skjema for påmelding, samt avkryssing for 10 eller 11 månader. Kryss av på påmeldingsskjemaet for dei tidene de ønskjer for neste skuleår.

Påmeldinga er bindande. Påmeldingsfrist: Måndag 04.03.18

Austebygd skule, 05.02.2019

Vigdis Villanger

rektor

Påmeldingsskjema til Austebygd SFO for skuleåret 2019– 2020

Påmeldingsfrist: *Måndag 4.mars*

Elevens sitt namn: _____ Årstrinn: _____

Timetal pr. veke som eleven vert påmeld på SFO:

Til og med 10 timar

Til og med 15 timar

Meir enn 15 timar

Påmeldinga gjeld 10 mnd.

Påmeldinga gjeld 11 mnd. (Kjem ev. tilbake til stad/skule for den 11. månaden)

Set kryss i rutene under for den tida du vil nytta på SFO.

TID	MÅNDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
Morgonope SFO 7.30 – 8.00					
Skuletid kvar dag 8.15 – 12.55	Skule 8.15 – 12.55	Skule 8.15 – 12.55	Skule 8.15 – 12.55	Skule 8.15 – 12.55	Skule 8.15 – 12.55
SFO 13.00-13.30					
SFO 13.30-14.00					
SFO 14.00-14.30					
SFO 14.30-15.00					
SFO 15.00-15.30					
SFO 15.30-16.00					
SFO 16.00 -16.30					

MERK:

* Morgonope SFO vert alltid rekna med i timetalet (også om ein ikkje nyttar dette)

* På Austebygd vil me i utgangspunktet ha eit SFO-tilbod i samarbeid med barnehagen om morgonen og siste del av SFO-tida om ettermiddagen.

* Påmeldinga er bindande.

* Kommunen sender månadleg ut giro for foreldrebetalinga + matpengar. Gjer merksam på at retten til SFO-plass føreset at det vert betalt for plassen til fastsett tid.

* Faktura for den 10. og event. 11. månaden vert fakturert i juni.

Event. tilleggsopplysningar frå føresette:

Sletta, den _____
dato

underskrift føresette